



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

## Utviklinga i kommuneøkonomien

Møre og Romsdal

2017



## FORORD

---

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir kvart år ut ein rapport som viser hovudtrekka i utviklinga av kommuneøkonomien i fylket. Rapporten inneheld eit utval av indikatorar som seier noko om den økonomiske situasjonen for kommunane. Vi har òg med tal for alle kommunane i Noreg utanom Oslo (fordi Oslo òg fungerer som fylkeskommune) som referanseverdi.

Rapporten er aktuell for politikarar, tilsette i administrasjonen i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå, innbyggjarar i Møre og Romsdal og andre som har interesse for kommunane sin økonomi, og økonomiske berekraft.

Tala som er presentert i rapporten er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), der hovudvekta av tala er henta frå KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Rundt 15. juni kvart år publiserer SSB endelege rekneskapstal frå det føregåande året. Om det ikkje har blitt opplyst om andre kjelder, så er alle figurar og tabellar basert på tal frå SSB. Rapporten inneheld òg tal som er innhenta og samanstillt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Tala som blir nytta er på konsernnivå. Det vil seie tal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. For å få ei meir inngående oversikt over økonomien i den einskilde kommune, viser vi til rekneskapane. Rapporten er også tilgjengeleg på vår heimeside.

Molde 30. juni 2018

## INNHOOLD

---

FORORD .....	2
1 - INNLEIING .....	4
2 - FRÅ BRUTTO DRIFTSRESULTAT TIL NETTO DRIFTSRESULTAT .....	6
2.1 Brutto driftsresultat.....	7
2.3 Netto driftsresultat.....	8
3 - INVESTERINGAR OG LÅNEGJELD .....	11
3.1 Investeringar.....	12
3.2 Lånegjeld .....	13
3.2.1 Finansiering av langsiktig gjeld med korte lån .....	21
4 - FOND .....	25
5 - FOLKETALSENDRING OG PROGNOSE .....	26
5.1 Forventa tenestebehov .....	27
6 - ROBEK.....	30
APPENDIKS.....	32
KJELDER .....	33

## 1 - INNLEIING

---

Eit av dei overordna måla til kommunane er å kunne yte eit godt tenestetilbod til innbyggjarane over tid. For å kunne sikre innbyggjarane god velferd, må kommunen utnytte tilgjengelege ressursar effektivt. I tillegg til eit godt lokaldemokrati, krev dette ei forsvarleg forvaltning av kommuneøkonomien.

Veksten i inntektene i kommuneøkonomien er ikkje venta å bli høgare i åra som kjem enn det den har vore dei siste åra. Meirskattetilgangen kommunane opplevde i 2016 og 2017, skuldast ekstraordinære forhold, og kommunane vil ikkje få ei liknande draghjelp i åra som kjem. Nokre av våre kommunar vil i 2018 få midlar frå Havbruksfondet. Dette er ei ekstraordinær inntekt i 2018.

Ei stor utfordring for Møre og Romsdal er det høge gjeldsnivået. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt viser at fylket toppar statistikken også i 2017, etterfølgt av Finnmark og Troms. Slik har det vore dei siste 3 åra.

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Netto driftsresultat er her vist i prosent av brutto driftsresultat. For 2017 leverte kommunane i Møre og Romsdal samla eit netto driftsresultat på 3,3 %. Noreg u/Oslo leverte 3,7 %. Møre og Romsdal leverte 0,2 % poeng lågare netto driftsresultat enn i 2016. Stordal, Midsund, Eide, Smøla og Aure leverte eit negativt resultat i 2017. Dette er tre fleire kommunar mot føregåande år. Netto driftsresultatet i Møre og Romsdal er 0,4 % poeng lågare enn for landet utan Oslo.

Tilrådinga frå Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) er at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter over tid i gjennomsnitt bør vere minst 1,75 prosent.

Kommunane i Møre og Romsdal har samla den høgaste gjelda målt i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, målt opp i mot dei andre fylka i landet. Fleire av kommunane i Møre og Romsdal har høg gjeld. Den samla netto lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter i fylket er 103,1 prosent. Dette er høgst i landet. Til samanlikning er talet for landet utanom Oslo 84,5 prosent.

Den forventa auken i innbyggjartal og endra alderssamansetning vil truleg krevje nye investeringar. Vi er og i ein prosess kor fleire kommunar slår seg saman, samt at mange kommunar har eit investeringsetterslep. Dette vil krevje ei berekraftig styring frå kommunane.

Vi har sett ei gjeldsoppbygning for fylket frå 2015 til 2017. Gjeldsbelastninga vil vere utfordrande for kommunane framover. Det er innlysande at den høge gjeldsgraden gjer kommunane meir sårbare for forventa renteaukingar. Særleg kan dette slå hardt ut for kommunar som hentar mykje av

lånefinansieringa i sertifikatmarknaden. Sertifikat er gjeldspapir som har ei løpetid opp til tolv månader. Det har vore særleg lønsamt med korte lån dei seinare åra sidan «spreaden» mellom kortsiktig og langsiktig gjeldsfinansiering har auka. Likevel er den kortsiktige finansieringa knytt til auka refinansieringsrisiko. I kommunane sitt tilfelle er denne risikoen stort sett kopla til risikoen for å måtte refinansiere låna til mykje dårlegare lånevilkår.

For å unngå underskot i rekneskapen må kommunane ta høgde for svingingar i inntekter og utgifter. Dette kan gjerast best ved å bygge opp ein buffer. Kva som er den hensiktsmessige storleiken på denne bufferen vil kunne variere frå kommune til kommune. Men generelt er det tilrådd at eit disposisjonsfond er på minst fem prosent av brutto driftsinntekter. I Møre og Romsdal har dei fleste kommunane lite oppsparte midlar i disposisjonsfond, sjølv om det var mange som fekk eit etterlengta påfyll i 2016 og 2017.

Alternativet til disposisjonsfond med tanke på å unngå underskot i drifta, er å oppnå eit positivt netto driftsresultat. Noko som er ønskeleg, men kan vere vanskeleg å oppnå viss ein ikkje har svært god kontroll på inntekter og utgifter til alle tider.

I Møre og Romsdal er det for 2018 ein ny kommune som vil blir meldt inn i Robek. Det betyr at det per juli 2018 er fem kommunar som er registrert i ROBEEK-registeret. I landet elles er det 23 kommunar som er meldt inn i ROBEEK-registeret. Kommunane skal vere aktive pådrivarar i samfunnsutviklinga. For å få til dette er det naudsynt med god og langsiktig planlegging. Dette kan gjerast best utan at kommunane må underleggast statleg kontroll av økonomiske disposisjonar.

## 2 - FRÅ BRUTTO DRIFTSRESULTAT TIL NETTO DRIFTSRESULTAT

---

I dette kapitlet vil vi sjå på eit utval av indikatorar som seier noko om den totale økonomiske situasjonen til kommunane. Dei indikatorane vi har valt å sjå nærare på i dette kapitlet seier noko om nivået på drifta i kommunane. Dei aktuelle indikatorane har fått ein kort definisjon under.

**Brutto driftsinntekter (BDI)** er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, brukarbetalingar, eigedomsskatt, andre sals- og leigeinntekter, overføringar med krav om motyting og andre overføringar er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.


**Brutto driftsresultat (BDR)** er brutto driftsinntekter (BDI) trekt frå driftsutgifter utanom renter og avdrag. Dette resultatet skal dekke netto rente- og avdragsutgifter samt eventuelle pliktige avsetningar.

**Renteinntekter, utbytte og eigaruttak** er saman med kursgevinstar vedkommande finansielle instrument det vi kallar eksterne finansinntekter.

**Motpost avskrivningar** annullerer avskrivningar, som inngår i brutto driftsresultat, slik at ein får netto driftsresultat.

**Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter** er saman med kurstap vedkommande finansielle instrument og avdragsutgifter det vi kallar eksterne finansutgifter

**Netto driftsresultat (NDR)** er resultatet som kjem fram når renter og avdrag er trekt frå brutto driftsresultat. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene i kommunane som går med til å betale renter og avdrag. Ein kommune kan òg ha eit betre NDR enn BDR dersom ein har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. Eit positivt NDR vil seie at kommunen har opparbeidd seg ein økonomisk handlefridom som kommunen kan nyte godt av ved eit seinare høve; til dømes til eigenfinansiering av investeringar. Viser netto driftsresultat eit underskot, må kommunen nytte tidlegare avsetningar til å finansiere året sine driftsutgifter. NDR er sett på som den viktigaste enkeltstående indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommunen. Over tid er det ei tilråding frå Teknisk Berekningsutval (TBU) at NDR er minst 1,75 prosent (fom 2014) av brutto driftsinntekter for kommunane. Då vert formuebevaringsprinsippet ivareteke.



Kjelde: SSB

For kommunane i Møre og Romsdal samla, blei det eit netto driftsresultat på 3,3 prosent av brutto driftsinntekter i 2017. Resultatet Noreg u/Oslo vart til samanlikning 3,7 prosent. Både for fylket og landet er dette det nest høgaste resultatet på 2000 talet. Den viktigaste årsaka til dei gjennomgåande høge netto driftsresultata for kommunane, er at ekstraordinære høge skatteinntekter gjorde seg gjeldande i både 2016 og 2017.

## 2.1 - BRUTTO DRIFTSRESULTAT

Tabell 1 viser brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal dei tre siste åra kor rekneskapan er avlagt. Driftsinntektene trekt frå driftsutgiftene gir brutto driftsresultat. Negativt brutto driftsresultat inneber at utgiftene i drifta er høgare enn driftsinntektene. For ikkje å få eit underskot i driftsrekneskapan må ein då nytte oppsparte midlar frå tidlegare overskot, eventuelt positive bidrag frå kommunen sine finanstransaksjonar.

Tabell 1 Brutto driftsresultat i prosent av BDI			
Kommunar	2015	2016	2017
1502 Molde	4,7	5,3	3,8
1504 Ålesund	2,8	3,1	5,0
1505 Kristiansund	1,2	4,3	0,9
1511 Vanylven	3,2	4,3	4,4
1514 Sande	-4,8	0,5	-0,1
1515 Herøy	-0,2	4,6	-0,4
1516 Ulstein	4,9	4,6	2,9
1517 Hareid	2,3	4,9	0,2
1519 Volda	3,1	2,4	4,4
1520 Ørsta	3,9	1,5	0,2
1523 Ørskog	-2,9	0,7	2,8
1524 Norddal	0,3	1,0	7,1
1525 Stranda	3,8	9,9	7,4
1526 Stordal	-1,2	-4,2	-3,6
1528 Sykkylven	3,3	5,0	1,0
1529 Skodje	3,7	4,1	3,7
1531 Sula	2,2	3,2	0,9
1532 Giske	0,7	3,6	3,8
1534 Haram	0,8	1,1	-0,4
1535 Vestnes	1,2	-0,4	-0,2
1539 Rauma	-0,9	2,8	2,4
1543 Nesset	1,3	1,3	1,1
1545 Midsund	2,5	3,0	-2,3
1546 Sandøy	-2,7	-1,3	-1,6
1547 Aukra	16,1	24,6	20,0
1548 Fræna	5,6	5,1	7,0
1551 Eide	2,1	-1,1	-3,9
1554 Averøy	5,0	4,0	2,9
1557 Gjemnes	6,7	5,4	2,3
1560 Tingvoll	3,7	2,8	6,3
1563 Sunndal	2,8	3,0	0,9
1566 Surnadal	-0,5	0,1	1,4
1567 Rindal	-1,0	3,3	1,0
1571 Halså	7,3	7,0	2,6
1573 Smøla	0,4	2,4	-0,7
1576 Aure	5,9	7,8	4,6
Noreg u/Oslo	2,5	3,7	3,0
Møre og Romsdal	2,8	4,0	3,1

Kjelde: SSB

Tabell 1 viser ei auke i brutto driftsresultat samla for kommunane i Møre og Romsdal frå 2015 til 2016, og ein nedgang frå 2016 til 2017. Med tanke på at kommunane hadde ekstraordinære inntekter i 2016 og 2017, så er ikkje dette overraskande. Ein får en nedgang da kommunane har hatt høve til å etablerer eit høgare kostnadsnivå.


Vi ser frå tabell 1 at det var ni kommunar i Møre og Romsdal som hadde eit negativt brutto driftsresultat i 2017.

## 2.3 NETTO DRIFTSRESULTAT

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for å vurdere den økonomiske situasjonen i kommunane. Netto driftsresultat blir her oppgitt i prosent av driftsutgiftene. Eit mål på ein sunn økonomi for kommunane er at netto driftsresultat er minimum 1,75 % av driftsinntektene. Jf. tilrådinga frå Teknisk Berekningsutval (TBU). Forholdstalet gir svar på handlingsrommet til kommunane, og dei frie midlane i netto driftsresultat kan blant anna nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk. Om kommunen oppnår eit negativt netto driftsresultat, må det dekkast ved å nytte tidlegare avsette midlar og/eller stryke budsjetterte avsetningar, for å unngå meirforbruk.



Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at netto driftsresultat for kommunesektoren bør utgjere om lag 1,75 prosent (frå og med 2014, tidlegare 3 prosent) over tid for at formuebevaringsprinsippet skal bli ivaretatt. Det tilrådde nivået på netto driftsresultat kan variere frå kommune til kommune, særleg knytt til graden av lånefinansieringa i kommunen. Om ein kommune betaler mykje over minste tillatne avdrag, vil den framleis ivareta formuen sjølv om netto driftsresultat er lågare enn 1,75 prosent. Om kapitalslitet i ein kommune er høgare enn betalte avdrag, så stiller det høgare krav til eit godt netto driftsresultat for at formuen skal bli ivaretatt.



Kjelde: SSB

Figur 2 viser netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter dei siste tre åra for fylka og Noreg u/Oslo. Av figur 2 ser vi at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for Møre og Romsdal er på 3,3 prosent. Dette er lågare en snittet for landet. Noreg u/Oslo hadde til samanlikning eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på 3,7 prosent. Korrigerer man for Aukra kommune så er netto driftsresultat for Møre og Romsdal på 2,2 prosent av brutto driftsinntekter.

Netto driftsresultatet betra seg vesentleg for kommunane på landsbasis i 2016 mens fleire kommunar har hatt nedgang i 2017. Dette kan skuldast auka i investeringar og påfølgande auka i driftsnivå i kommunane. Da med bakgrunn i at kommunane har fått auka inntekter gjennom meirskattetilgang.

Ekstraordinære skatteinntekter gjorde seg sterkt gjeldande i kommunane i 2016 og 2017. Desse meirskatteinntektene skuldast tilpassing til skattereforma, kor utbytteskatten vart heva frå 27 til 28,75 prosent (på dåverande tidspunkt). Utbytte og andre eigaruttak førte dermed til at ekstra store inntekter kom til skattlegging i 2016 og 2017.

På same måte som for fylka i figur 2, viser tabell 3 netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal dei tre seinaste åra.

Tabell 3			
Netto driftsresultat i prosent av BDI			
Kommunar	2015	2016	2017
1502 Molde	3,3	4,6	3,7
1504 Ålesund	1,8	2,1	5,1
1505 Kristiansund	0,5	3,4	1,0
1511 Vanylven	3,5	5,1	5,0
1514 Sande	-3,1	1,6	2,6
1515 Herøy	0,6	6,3	1,6
1516 Ulstein	2,8	2,1	0,7
1517 Hareid	2,6	4,4	0,3
1519 Volda	3,1	2,7	4,6
1520 Ørsta	4,3	2,5	1,1
1523 Ørskog	-2,6	0,3	2,2
1524 Norddal	-1,7	0,7	8,9
1525 Stranda	0,1	6,8	5,3
1526 Stordal	-0,8	-3,3	-1,8
1528 Sykkylven	8,3	5,9	1,8
1529 Skodje	1,9	3,5	3,8
1531 Sula	2,4	3,3	1,3
1532 Giske	-2,9	1,0	2,3
1534 Haram	0,1	0,3	2,0
1535 Vestnes	-0,6	0,5	0,9
1539 Rauma	-1,3	3,4	2,4
1543 Nesset	1,6	1,7	1,3
1545 Midsund	1,5	2,0	-3,1
1546 Sandøy	-2,5	1,5	2,6
1547 Aukra	17,7	26,8	21,4
1548 Fræna	4,7	4,9	7,4
1551 Eide	1,6	-1,4	-3,3
1554 Averøy	2,8	1,6	1,1
1557 Gjemnes	6,2	5,9	2,8
1560 Tingvoll	0,9	0,4	4,3
1563 Sunndal	3,6	3,0	2,1
1566 Surnadal	0,8	0,5	1,7
1567 Rindal	0,9	5,0	3,2
1571 Halså	6,9	6,8	3,2
1573 Smøla	0,8	3,0	-1,3
1576 Aure	1,2	2,7	-0,3
Noreg u/Oslo	2,9	4,1	3,7
Møre og Romsdal	2,2	3,5	3,3

Kjelde: SSB

Frå tabell 3 merker vi oss at heile 21 kommunar i fylket har eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt som er over tilrådinga frå TBU på 1,75 %. Aure, Smøla, Stordal, Midsund, og Eide har negativt netto driftsresultat, medan Vestnes, Ulstein og Hareid ligg under 1 % i netto driftsresultat og tilrådinga frå TBU. Av dei fem kommunane med negativt netto driftsresultat, har alle av desse færre enn 3500 innbyggjarar.

Frå tabellen ser vi at mange kommunar har hatt solide netto driftsresultat i 2017. Fem kommunar har likevel negativt netto driftsresultat i 2017. Samanliknar vi resultatane med 2015, ser vi at i dette året var det heile 8 kommunar som fekk eit negativt netto driftsresultat. Omlag 1/3 av kommunane i fylket, (det vil seie 11 i talet), har i denne perioden hatt eit netto driftsresultat som ligg over 1,75 prosent, for alle tre åra. For siste år var det 20 kommunar som leverte eit netto driftsresultat i prosent av BDI over 1,75 %. Kommunane i fylket har ein samla nedgang i resultatane sine, men har lågare netto driftsresultat i prosent av BDI enn Noreg u/Oslo. Med eit betra resultat i fylket skulle ein tru at det vert sett av meir til disposisjonsfond, sjå side 28.

### 3 – INVESTERINGAR OG LÅNEGJELD

---

Kommunane har ansvar for ei rekke tenester (generalistprinsippet) som krev omfattande investeringar. Utviklinga i lånegjelda er tett bunden til investeringsaktiviteten i kommunane.

Som vi skal sjå i dette kapitlet, har kommunane i Møre og Romsdal den høgste netto lånegjelda i landet i prosent av brutto driftsinntekter. Møre og Romsdal har også høgare brutto investeringsutgifter totalt i prosent av brutto driftsinntekter enn Noreg u/ Oslo.

Kommunane i Møre og Romsdal må lånefinansiere ein større del av investeringane sine, grunna er at kommunane har eit for høgt kostnadsnivå. Dette indikerer at kommunane har relativt lite oppsparte (disponible) midlar til finansiering av investeringane.

Aktuelle indikatorar vi har valt å sjå nærare på i dette kapitlet har fått ein kort definisjon under.

**Netto lånegjeld** er gjelda til kommunane som er renteesponert, inneheld rentekompensasjon og sjølvkost.

**Renteesponert gjeld** er gjeld frå bank, statlege låneinstitusjonar, kredittforetak, livsforsikringsselskap, og frå obligasjon og sertifikat marknaden.

**Sertifikatlån** er eit kortsiktig lån med løpetid inntil 12 månader. Lånet er avgrensa til sertifikatets lengde, og er omsetteleg. Ved utløp må lånet fornyast eller refinansierast. Varigheit på 3,6,9 eller 12 månader

**Basel 3** regelverket stiller strengare krav til bankanes evne til å tole framtidige utlånstap.

## 3.1 - INVESTERINGAR

Tabell 4			
Brutto inv utgift i % av BDI			
Kommunar	2015	2016	2017
1502 Molde	15,7	17,8	9,5
1504 Ålesund	10,7	12,9	8,5
1505 Kristiansund	20,2	12,0	18,1
1511 Vanylven	5,6	3,5	7,4
1514 Sande	13,5	19,8	9,8
1515 Herøy	16,6	13,0	9,5
1516 Ulstein	35,0	29,1	31,5
1517 Hareid	7,2	6,1	6,3
1519 Volda	12,3	22,3	22,5
1520 Ørsta	8,0	17,2	21,4
1523 Ørskog	10,3	31,5	58,0
1524 Norddal	28,4	14,1	3,3
1525 Stranda	9,1	8,5	8,4
1526 Stordal	11,8	7,8	13,5
1528 Sykkylven	2,7	1,9	14,0
1529 Skodje	9,5	3,6	9,2
1531 Sula	16,2	19,8	27,2
1532 Giske	12,3	10,9	7,0
1534 Haram	14,1	21,8	12,2
1535 Vestnes	6,9	8,5	11,2
1539 Rauma	25,9	37,3	43,3
1543 Nesset	7,3	26,2	21,1
1545 Midsund	14,0	8,4	10,2
1546 Sandøy	10,2	25,3	61,0
1547 Aukra	14,9	12,4	43,8
1548 Fræna	8,4	8,4	10,0
1551 Eide	3,8	12,9	13,1
1554 Averøy	24,3	11,7	5,4
1557 Gjemnes	4,2	8,6	5,9
1560 Tingvoll	15,2	6,5	7,1
1563 Sunndal	9,4	7,2	6,1
1566 Surnadal	9,8	4,8	5,9
1567 Rindal	11,6	9,6	5,5
1571 Halså	4,2	5,8	6,9
1573 Smøla	7,1	35,0	37,1
1576 Aure	26,7	5,5	7,9
Noreg u/Oslo	14,5	14,7	14,5
Møre og Romsdal	13,6	14,2	14,8

I 2017 var dei totale investeringskostnadane på 65,27 milliardar kroner. Tradisjonelt er det knytt størst investeringsutgifter for kommunane til grunnskule, helse og omsorg, vann, avløp, og renovasjon.

Tabell 4 viser brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter i 2017 for Møre og Romsdal og Noreg u/Oslo.

Tabell 4 viser at Ulstein, Ørskog, Rauma, Aukra og Smøla har eit høgt investeringsnivå. Ørskog har omtrent auka frå 10,3 % i 2015 til 58 % i 2017. Vi ser også at investeringsutgiftene til i Møre og Romsdal (14,8 %) er litt høgare for 2017 enn for landet utan Oslo (14,5) %.

Generelt kan ein peike på at kommunane i perioden har nytta ekstra skatteinntekter til blant anna å investere, nokon meir enn andre.


For dei kommunane som har vedteke samanslåing, så bør ein nytte fellesnemnda i forhold til store nye investeringsprogram. Dette for å sikre at den nye kommunen er berekraftig over tid.

Kjelde: SSB

### 3.2 - LÅNEGJELD

Kommunane er store aktørar i lånemarknaden. I tillegg til å nytte egne midlar frå driftsinntekter og avsetningar, blir det henta inn ekstern finansiering frå lånemarknadane. Nær halvparten av låna er formidla gjennom Kommunalbanken AS. Resten er kanalisert gjennom det internasjonale sertifikat- og obligasjonsmarknadane og banklån i private bankar. Bakrunnen for dette er at den internasjonale marknaden og dei norske bankane sett ei god kredittrating på kommunane. Kommunane oppnår høg kredittrating grunna med at sannsynlegheiten for «default» reknast som svært liten.


Figur 4 viser kommunanes samla innalands gjeld fordelt på finansieringskjelde.



Kjelde: KMD

Netto lånegjeld er rekna som hovudindikatoren for å beskrive gjeldssituasjonen og for å samanlikne lånegjeld mellom kommunar. Figur 5 dekomponerer langsiktig gjeld ekskludert pensjonsforpliktingar, og viser lånegjelda i milliardar kroner som ved utgangen av 2017 har passert 462 milliardar kroner mot 450 milliardar kroner i 2016.

Figur 5  
Dekomponering langsiktig gjeld, kommunane.




Kjelde: KMD

Utlån og unytta lånemidlar er ikkje medrekna i netto lånegjeld, jf. figur 5. Utlåna frå kommunen skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierande. Unytta lånemidlar blir ikkje definert som netto lånegjeld før dei er brukt, sjølv om dei representerer avdrags- og renteutgifter i årsbudsjettet. Vi ser at sjølvkostanlegg er definert inn under netto lånegjeld. Sjølvkostanlegga er likevel ikkje med i omgrepa «avdragsgjeld» og «rentegjeld».

Avdragsgjelda er definert som netto lånegjeld når finansieringsordninga for sjukeheim der staten dekker både renter og avdrag er trekt frå. Resterande del av gjelda i netto lånegjeld må kommunekassa sjølv betale avdrag for.


Rentegjelda er netto lånegjeld når alle rentekompensasjonsordningar er trekt frå. Det utgjer den delen av lånegjelda der kommunekassa sjølv må dekke rentene.



Kjelde: KMD


Langsiktig lånegjeld for alle kommunane i 2017 er framstilt i Figur 6. Vi ser her at netto renteeksponering har gått ned med 6,84 prosent sidan toppåret 2015. Kommunane fekk ekstra skatteinntekter i 2016 og 2017, noko som truleg har avhjelpe noko på finansieringsbehova.

Figur 7 viser netto lånegjeld for fylka i landet. Vi ser her at Møre og Romsdal toppar statistikken med ei nettogjeld i prosent av brutto driftsinntekter på 103. Tett følgd av Finnmark og Troms.



Kjelde: SSB

Kommunane i Møre og Romsdal har den høgaste netto lånegjelda i landet i 2017. Lånefinansieringa er auka frå 2016 til 2017 med ca. 2,6 %. Gjeldsnivået tyder på at kommunane over lengre tid har nytta seg av moglegheitene som ligg i den historisk låge renta, samtidig med at investerings- og



Kjelde: SSB

kostnadsnivået har vore høgt. Kommunane har i liten grad ikkje nytta moglegheita til å justere ned lånenivåa i tider med historisk låg rente.

Figur 8 syner netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal i 2015 - 2017.<sup>1</sup> Det er lite som tyder på at lånegjelda til kommunane i fylket vil gå ned med det første. Tvert i mot er det fleire kommunar som vil auke lånegjelda, ifølgje budsjett og økonomiplanar for perioden 2018 – 2021. Sjølv om gjelda har meir enn dobla seg i kommunane dei siste 10 – 12 åra, så har ikkje gjeldskostnadane målt i brutto driftsinntekter gjort det same i denne perioden. Dette skuldast fallande og historisk lavt rentenivå og at avdraga har vore relativt mindre samanlikna med gjelda.



	Tabell 4			Prosent
	Renteekspontert gjeld i % av BDI			endring
	2015	2016	2017	2015-2017
1502 Molde	98,7	104,3	108,0	9,4
1504 Ålesund	67,5	74,5	69,1	2,4
1505 Kristiansund	54,5	59,4	65,5	20,2
1511 Vanylven	55,5	48,6	45,8	-17,5
1514 Sande	46,8	56,0	56,4	20,5
1515 Herøy	74,3	82,3	86,3	16,2
1516 Ulstein	155,3	162,7	169,5	9,1
1517 Hareid	53,6	53,1	54,0	0,7
1519 Volda	72,7	81,7	92,4	27,1
1520 Ørsta	50,2	58,0	71,5	42,4
1523 Ørskog	59,7	80,6	118,0	97,7
1524 Norddal	117,4	122,9	105,7	-10,0
1525 Stranda	163,6	123,1	135,1	-17,4
1526 Stordal	62,7	92,6	97,7	55,8
1528 Sykkylven	63,5	71,4	71,3	12,3
1529 Skodje	72,4	71,2	79,8	10,2
1531 Sula	66,5	75,8	79,8	20,0
1532 Giske	122,5	121,7	112,6	-8,1
1534 Haram	61,8	97,2	100,3	62,3
1535 Vestnes	35,9	41,6	46,3	29,0
1539 Rauma	47,4	69,4	98,0	106,8
1543 Nesset	63,6	74,2	78,7	23,7
1545 Midsund	62,4	61,0	66,5	6,6
1546 Sandøy	55,4	71,2	110,1	98,7
1547 Aukra	42,7	44,5	57,2	34,0
1548 Fræna	40,5	43,9	43,3	6,9
1551 Eide	75,6	81,2	84,8	12,2
1554 Averøy	95,8	92,1	85,7	-10,5
1557 Gjemnes	51,3	49,0	49,5	-3,5
1560 Tingvoll	80,7	75,3	72,5	-10,2
1563 Sunndal	48,9	46,1	47,1	-3,7
1566 Surnadal	51,4	50,2	48,3	-6,0
1567 Rindal	45,7	53,1	52,4	14,7
1571 Halså	69,0	66,4	62,6	-9,3
1573 Smøla	23,1	52,4	73,6	218,6
1576 Aure	29,6	43,1	42,1	42,2
Noreg u/Oslo	52,1	57,7	59,4	14,0
Møre og Romsdal	69,1	75,4	78,8	14,0

Kjelde: SSB

Ei høg lånegjeld i kommunane gir grunn til bekymring. Kommunane vil ved auka rente, som er signalisert av Norges Bank, få auka finanskostnader. Det er førespegla fleire rentehevingar dei to neste åra.

Vi ser av tabell 4 at renteekspontert gjeld frå 2015-2017 har auka for fylket med 14 prosent. Dette er i samsvar med landsgjennomsnittet for denne perioden.

Tala viser likevel at nokre av kommunane har ein vesentleg auke i renteekspontert gjeld i perioden. Til dømes har Smøla ein auke på ca. 219 % og Rauma har ei auke på 107 % i perioden 2015-2017.

Renteekspontert gjeld blir direkte påverka av endringar i rentemarknaden. Nøkkeltalet er framstilt i prosent av brutto driftsresultat i tabell 4. Renteutgifter belastar driftsrekneskapen til kommunane direkte og ei endring i styringsrenta med påfølgande justering av utlånsmargin vil vises direkte i driftsregnskapet.

Tabell 5 viser effekten av ein auke i styringsrenta på ¾ prosent vidareført på netto driftsresultat frå 2017. Her er ikkje endring i påslaga til finansinstitusjonane tatt med, da vi ikkje har tal på kva rentemargin bankane eventuelt vil ta ut jf. auke i signalrenta på sine lån. Tabell 5 synar netto driftsresultat justert for ei marginauke på 0,75 prosent.

Kommunar	Tabell 5		Nto driftres 2017	Justert Netto driftres 2017
	Renteekspontert gjeld 2017	Marginauke 0,0075		
1502 Molde	2 504 489	18 784	86 947	68 163
1504 Ålesund	2 656 320	19 922	195 876	175 954
1505 Kristiansund	1 327 043	9 953	19 727	9 774
1511 Vanylven	149 048	1 118	16 127	15 009
1514 Sande	142 453	1 068	6 624	5 556
1515 Herøy	578 680	4 340	10 717	6 377
1516 Ulstein	1 197 671	8 983	5 082 -	3 901
1517 Hareid	229 068	1 718	1 319 -	399
1519 Volda	818 116	6 136	41 117	34 981
1520 Ørsta	610 227	4 577	9 153	4 576
1523 Ørskog	260 274	1 952	4 795	2 843
1524 Norddal	231 369	1 735	19 445	17 710
1525 Stranda	554 505	4 159	21 659	17 500
1526 Stordal	112 300	842	- 2 071 -	2 913
1528 Sykkylven	383 688	2 878	9 469	6 591
1529 Skodje	301 061	2 258	14 323	12 065
1531 Sula	543 266	4 074	8 959	4 885
1532 Giske	698 785	5 241	14 362	9 121
1534 Haram	684 338	5 133	13 824	8 691
1535 Vestnes	301 356	2 260	5 778	3 518
1539 Rauma	624 523	4 684	15 268	10 584
1543 Nesset	237 702	1 783	3 885	2 102
1545 Midsund	134 374	1 008	- 6 167 -	7 175
1546 Sandøy	145 383	1 090	3 464	2 374
1547 Aukra	325 914	2 444	121 825	119 381
1548 Fræna	375 256	2 814	64 298	61 484
1551 Eide	256 250	1 922	- 9 980 -	11 902
1554 Averøy	389 046	2 918	5 195	2 277
1557 Gjemnes	117 205	879	6 584	5 705
1560 Tingvoll	229 751	1 723	13 739	12 016
1563 Sunndal	394 058	2 955	17 772	14 817
1566 Surnadal	271 151	2 034	9 617	7 583
1567 Rindal	113 565	852	6 849	5 997
1571 Halså	113 490	851	5 871	5 020
1573 Smøla	186 613	1 400	- 3 187 -	4 587
1576 Aure	166 894	1 252	- 1 331 -	2 583


Kjelde: SSB

Tabell 5 viser kor sårbar ein er med endringar i rentenivå. Her er det vist den forventa samla rente- endring på ¾ prosent på styringsrenta til Norges bank i løpet av 2019. Vi har ikkje estimert endringa dette vil ha både på påslaget frå finansinstitusjon, eller endringa auka rente vil gi på innestående/ ubrukte lånemidlar. Tabell 6 synar netto driftsresultat justert for ei marginauke på 3 prosent.

Tabell 6				
Kommunar	Renteekspontert		Justert	
	gjeld	Marginauke	Nto driftsres	Netto driftsres
	2017	0,0300	2017	2017
1502 Molde	2 504 489	75 135	86 947	11 812
1504 Ålesund	2 656 320	79 690	195 876	116 186
1505 Kristiansund	1 327 043	39 811	19 727	- 20 084
1511 Vanylven	149 048	4 471	16 127	11 656
1514 Sande	142 453	4 274	6 624	2 350
1515 Herøy	578 680	17 360	10 717	- 6 643
1516 Ulstein	1 197 671	35 930	5 082	- 30 848
1517 Hareid	229 068	6 872	1 319	- 5 553
1519 Volda	818 116	24 543	41 117	16 574
1520 Ørsta	610 227	18 307	9 153	- 9 154
1523 Ørskog	260 274	7 808	4 795	- 3 013
1524 Norddal	231 369	6 941	19 445	12 504
1525 Stranda	554 505	16 635	21 659	5 024
1526 Stordal	112 300	3 369	- 2 071	- 5 440
1528 Sykkylven	383 688	11 511	9 469	- 2 042
1529 Skodje	301 061	9 032	14 323	5 291
1531 Sula	543 266	16 298	8 959	- 7 339
1532 Giske	698 785	20 964	14 362	- 6 602
1534 Haram	684 338	20 530	13 824	- 6 706
1535 Vestnes	301 356	9 041	5 778	- 3 263
1539 Rauma	624 523	18 736	15 268	- 3 468
1543 Nesset	237 702	7 131	3 885	- 3 246
1545 Midsund	134 374	4 031	- 6 167	- 10 198
1546 Sandøy	145 383	4 361	3 464	- 897
1547 Aukra	325 914	9 777	121 825	112 048
1548 Fræna	375 256	11 258	64 298	53 040
1551 Eide	256 250	7 688	- 9 980	- 17 668
1554 Averøy	389 046	11 671	5 195	- 6 476
1557 Gjemnes	117 205	3 516	6 584	3 068
1560 Tingvoll	229 751	6 893	13 739	6 846
1563 Sunndal	394 058	11 822	17 772	5 950
1566 Surnadal	271 151	8 135	9 617	1 482
1567 Rindal	113 565	3 407	6 849	3 442
1571 Halså	113 490	3 405	5 871	2 466
1573 Smøla	186 613	5 598	- 3 187	- 8 785
1576 Aure	166 894	5 007	- 1 331	- 6 338


Som ein ser av tabell 6 vil ei marginauke på 3 prosent forverre situasjonen betrakteleg. Da vil justert netto driftsresultat bli negativt for om lag 20 av 36 kommunar. Her er det ikkje justert for effekten av renteauken på inneståande/ubrukte midlar.

For ein del kommunar har det vore relativt små endringar i den renteeksponerte gjelda i prosent av brutto driftsinntekter i heile treårsperioden. Vi ser og at renteeksponert gjeld vert redusert både for fylke og på landsbasis. Dette tolkar vi som positivt, da Norges bank har signalisert ei auka rente i 2018 og 2019.



Kjelde: Norges bank

Figur 9 viser rentebana på styringsrenta dei siste 20 åra. Rentebana viser at dagens nivå er historisk lågt. Norges bank har i sin seinaste «Pengepolitiske rapport nr 2 i 2018» synleggjort ei renteheving i september i inneverande år. Dei signaliserer også ein «varsam» strategi med ei gradvis tilnærming til eit høgare rentenivå over tid.




Kjelde: Norges bank

Figur 9.1 viser med eit utfallsrom på 90, 70, 50 og 30 prosent veggen vidare for styringsrenta. Prognosane til Norges bank er usikre. I nemnte Pengepolitiske rapport ser Norges bank før seg ein auke i september 2018, samt to påfølgande renteauke i 2019. Dette er på nåverande tidspunkt.

### 3.2.1 - Finansiering av langsiktig gjeld med korte lån

Lånegjelda til kommunane har dei siste åra hatt ein kraftig vekst. Dette skuldast i hovudsak auka oppgåveportefølje, befolkningsvekst og ei historisk låg rente. Mykje av veksten er komen i marknaden for gjeldspapir med løpetid opp til 12 månader, såkalla sertifikatlån. Det må presiserast at sertifikatlån og andre kortsiktige avtalar til finansiering av formål i samsvar med kommunelova § 50 blir klassifisert som langsiktig gjeld, sjølv om løpetida er under eitt år, jf. KRS nr.1.

Tabellen under viser kor aktive kommunane er i sertifikatmarknaden. Dette er totalt volum for utskriving av sertifikatlån



Kjelde: KMD


Auka i sertifikatlån har ført til at kommunane samla utgjer meir enn ein tredjedel av den norske sertifikatmarknaden.

Pris på finansiering, samt tilgang til kapital, er årsakene til at kommunane har finansiering i den korte marknaden. Lån med kortare løpetid er billigare enn lån med lengre løpetid. Strengare kapitalkrav til bankane sin eigenkapital gjennom norsk tilpassing til Basel 3-reglementet har medverka til å auke

kapitalkostnadane og avgrensede utlånsvolum. Dette som eit ledd i å regulere det totale utlånsvolumet i marknaden. Effekten for kommunane er at finansiering blir dyrare når ein betalar ein høgare risikopremie, slik det også er for andre aktørar i marknaden.

Figur 10 viser totalen av utskrivninga av korte lån for landet. Vi ser at nivåa for kommunane viser ein nedgåande trend frå 2015. Sjølv om figur 13 ikkje er eintydig, ser vi klart at utsteding av nye kortsiktige lån minkar. Om dette er ein konsekvens av innfriing, eller at man går frå kort finansiering til lang finansiering grunna ei risikovurdeing, er uviss.


Konsekvensane av å ha mykje sertifikatlån i låneporteføljen gir kommunane ein større usikkerheit, jamfør refinansiering, både for rentevilkår og i forhold til tilgang til kapital.



Kjelde: SSB

Figur 11 visar at Kristiansund, Haram og Ulstein er i ei særstilling jamfør volum i sertifikatlån, men vi ser og at dei 3 kommunane har teke ned/erstatta sertifikatgjelda, og i så måte redusert usikkerheita jamfør refinansieringsrisiko. Dei utpeikar seg i norsk samanheng, og har da større usikkerheit knytt til si finansiering enn dei andre kommunane i fylket. Figur 11 viser også at trenden er nedgåande for fylket som heilheit.


Figur 13 indikerer at noko av volumet er flytta over i obligasjonsmarknaden. Dette er finansiering med lengre løpetid.



Kjelde: KMD

Figur 12 over viser den bratte veksten i lånegjelda for kommunane dei seinare åra og den sterke veksten i sertifikatgjeld frå 2008. Storleiken på sertifikatgjelda er markert med raudt.


Nedanfor i figur 13 er endringa i samansetninga av gjelda i kommunane si låneportefølje framstilt eksplisitt.



Kjelde: KMD

I figur 13 ser vi ei framstilling av den relative storleiken av dei ulike kredittypene til kommunane. Ein ser eit tydeleg skifte frå 2008. Da gjekk kommunane i mykje større grad inn i sertifikatmarknaden. Finanskrisa (2007) synleggjorde skilnaden mellom kort og lang finansiering, der lang finansiering blei mykje dyrare grunna «forsikringspremien» som i større grad blei synleg. Dette medførte at kommunane valde å ha kortsiktig finansiering. Dette blir også bekrefta av nedgangen i gjeld til

kredittforetak. Ser vi på Figur 14, så er kommunanes del av marknaden for sertifikatlån over 30 prosent. Figuren utestående sertifikatlån bekreftar også at trenden for sertifikatlån hos kommunane er nedgåande.



Kjelde: KMD

I finansforskrifta er det kome nye reglar for kortsiktige lån i kommunane. Endringane vart iverksett 1. januar 2017. Dei nye reglane er ein konsekvens av den store veksten i lånefinansiering av korte lån, som vi kunne sjå i figur 11.

Den nye føresegna presiserer kommunestyret sitt ansvar for å vurdere og ta stilling til risiko som er knytt til opptak av lån med kort løpetid. Kommunestyra skal dermed bestemme rammene for gjeldsforvaltninga òg for kortsiktige lån. Tilgjenge til lånefinansiering i kortsiktige lån, skal vere gitt i finansreglementet. Vidare har administrasjonen opplysningsplikt overfor kommunestyret om lån som må refinansierast innan tolv månader, slik at refinansieringsrisikoen blir synleggjort.

Dei nye reglane legg likevel ikkje føringar for kva kommunane sjølve ser på som den beste finansieringsløysinga, og avgrensar dermed ikkje kommunane sin tilgang til å ta opp lån i sertifikatmarknaden, utover dei avgrensingane dei eventuelt pålegg seg sjølve.

Kommunane skal vedta nytt finansreglement i kvar kommunestyreperiode. Dei nye finansreglementa skal innehalde vurderingar og betraktningar rundt refinansieringsrisiko. Pr. juni 2018 har 28 av 36 kommunar oppdatert sitt finans reglement.



## 4 - FOND

Oppbygging av midlar i fond er viktig for at kommunane skal kunne ha eit berekraftig økonomisk handlingsrom. Midlar på disposisjonsfond kan nyttast både til drifts- og investeringsføremål, og vil dermed kunne vere ein buffer mot ubalansar og uforutsette utgifter gjennom året i kommuneøkonomien. Det er anbefalt at disposisjonsfond minst bør vere på fem prosent av brutto driftsinntekter.

Tabell 7 Disposisjonsfond i prosent av BDI			
Kommunar	2015	2016	2017
1502 Molde	0,7	2,5	5,2
1504 Ålesund	0,7	0,8	0,8
1505 Kristiansund	0,0	0,0	0,2
1511 Vanylven	1,9	3,7	9,2
1514 Sande	0,0	0,0	0,0
1515 Herøy	1,3	2,6	6,1
1516 Ulstein	3,7	5,4	5,6
1517 Hareid	0,4	1,0	3,4
1519 Volda	4,9	7,9	10,3
1520 Ørsta	3,8	7,2	7,9
1523 Ørskog	6,3	1,0	1,3
1524 Norrdal	0,2	0,4	0,0
1525 Stranda	1,7	1,5	1,3
1526 Stordal	11,0	8,1	6,2
1528 Sykkylven	0,2	1,0	3,9
1529 Skodje	8,6	9,2	10,6
1531 Sula	11,8	12,8	12,3
1532 Giske	0,1	0,5	0,5
1534 Haram	2,4	1,7	2,0
1535 Vestnes	0,2	0,3	0,8
1539 Rauma	0,5	0,7	1,2
1543 Nesset	0,7	2,7	2,3
1545 Midsund	3,5	4,4	1,7
1546 Sandøy	27,9	21,1	23,7
1547 Aukra	47,2	67,4	72,7
1548 Fræna	1,4	5,3	7,9
1551 Eide	7,7	9,0	4,8
1554 Averøy	1,4	3,3	3,9
1557 Gjemnes	4,4	5,9	8,4
1560 Tingvoll	3,9	4,0	5,9
1563 Sunndal	12,0	13,8	15,3
1566 Surnadal	6,8	8,6	8,2
1567 Rindal	4,7	7,9	10,1
1571 Halså	6,8	11,1	13,7
1573 Smøla	6,2	5,7	6,0
1576 Aure	14,4	15,1	14,1
Noreg u/Oslo	6,7	8,3	9,9
Møre og Romsdal	4,0	5,5	6,5

Kjelde: SSB

Vi ser at kommunane i Møre og Romsdal i perioden 2015 - 2017 har hatt færre midlar på disposisjonsfond, samanlikna med kommunane i resten av landet. Vi ser og at utviklinga i disposisjonsfond mellom fylket og landet har følgd kvarandre tett. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter har aldri vore høgare enn i 2017 for perioden. Dette gjeld både for Møre og Romsdal og landet, og har truleg samanheng med ekstra skatteinntekter i perioden, og eit betre netto driftsresultat.


Sjølv om nivået for kommunane samla er over tilrådt minste margin på 5 prosent, viser oppstillinga at heile 16 kommunar har lågare nivå en anbefalte 5 prosent av brutto driftsinntekter. Dette i ei tid der kommunane har hatt ekstraordinære inntekter. I 2017 var Ålesund, Vestnes, Giske, Kristiansund, Sande og Norrdal lågare enn 1 prosent. Sjølv om Møre og Romsdal kan vise til ein årleg vekst i disposisjonsfond, har vi markert lågare nivå en Noreg u/Oslo. Konsekvensen av låge disponible midlar er at kommunane er meir sårbare og da heilt avhengig av å få drifta til å gå i balanse for å leverer et berekraftig tilbod til sine innbyggjarar, og for å unngå eit meirforbruk. Låge eller ingen tilgjengelege midlar ved eit skifte i finanskostnadane vil medføre endring i

driftsnivået hos kommunane og konsekvensen av det er eit dårlegare tenestetilbod til innbyggjarane. Korrigert for Aukra kommune blir gjennomsnittet for Møre og Romsdal 6,1 prosent, altså 0,4 prosent lågare.

## 5 - FOLKETALSENDRING OG PROGNOSE


Inntektssystemet for kommunesektoren er nær knytt til innbyggartal og demografiske tilhøve. Innbyggartilskotet blir løyvd over statsbudsjettet og fordelt blant anna etter folketal og demografi. Eit høgare innbyggartal gjev ein større skattebase, men òg alderssamansetninga i befolkninga vil naturlegvis vere ein viktig faktor for storleiken på denne.

Figur 15. Folketalsendring, 2018-2025



Kjelde:SSB

Figur 15 viser hovudalternativet til Statistisk Sentralbyrå (SSB) for framskriven folkemengd for Møre og Romsdal i perioden 2018 -2025. Hovudalternativet viser at kommunane Skodje, Giske og Ulstein er forventa å ha sterkast vekst i perioden 2018 t.o.m. 2025, med over 10 prosent auke. Dette gjeld kommunane ved kysten, med unntak av heilt sør og i nord. Ein ser også at det er bykommunane Ålesund, Molde og Kristiansund som har gjennomgåande sterkast vekst. Vanylven og Norddal har den største tilbakegangen, sjå også figur under for dei prosentvise endringane som er forventa i fylket.



Kjelde: SSB

Figur 16 viser at det er omkring bykommunane Ålesund, Molde og Kristiansund at veksten i folketal er forventa. Forventa folketal både i 2025 og 2040 viser eintydig at det er dei tre bykommunane som har størst forventa vekst i fylket.

## 5.1 FORVENTA TENESTEBEHOV

Store delar av den kommunale tenesteproduksjonen er retta mot bestemte aldersgrupper, og den demografiske utviklinga gir viktig informasjon om utviklinga i behovet for kommunale tenester. I dette kapitlet ser vi på befolkningsframskriving og tal for tenestemottakarar av institusjonstenester og heimetenester for åra 2015, 2025 og 2040. I berekningane av talet på tenestemottakarar og arbeidskraftbehov framover er det tatt utgangspunkt i same dekningsgrad og standard på tenestene som i 2015. Det er betydeleg usikkerheit knytt til både befolkning, dekningsgrad og standard på lang sikt.

Framskrivingane tek utgangspunkt i tal frå KOSTRA for 2015 og hovudalternativet i Statistisk Sentralbyrå sine befolkningsframskrivingar frå juni 2016.

Tabellen under viser talet på mottakarar av institusjonstenester og heimetenester i alderen 67-79, samt 80 år og eldre. Auken i talet på innbyggjarar i denne gruppa indikerer eit auka behov for kommunale tenester i denne aldersgruppa.

	Tabell 9						67-79	67-79	80 +	80 +
	67-79 år			80 og eldre			%-vis endring 2015-2025	%-vis endring 2015-2040	%-vis endring 2015-2025	%-vis endring 2015-2040
	2015	2025	2040	2015	2025	2040				
1502 Molde	544	649	1185	195	276	303	19	118	42	55
1504 Ålesund	953	1124	2021	356	503	608	18	112	41	71
1505 Kristiansund	467	621	1169	188	273	296	33	150	45	57
1511 Vanylven	134	150	236	41	55	45	12	76	34	10
1514 Sande	98	98	151	26	33	36	0	54	27	38
1515 Herøy	225	258	432	94	129	149	15	92	37	59
1516 Ulstein	148	197	354	76	107	153	33	139	41	101
1517 Hareid	129	131	240	47	68	72	2	86	45	53
1519 Volda	209	238	383	74	96	107	14	83	30	45
1520 Ørsta	323	333	558	115	154	170	3	73	34	48
1523 Ørskog	67	77	149	24	36	33	15	122	50	38
1524 Norddal	69	68	107	20	24	23	-1	55	20	15
1525 Stranda	168	176	231	52	59	67	5	38	13	29
1526 Stordal	30	37	55	10	11	15	23	83	10	50
1528 Sykkylven	197	211	394	56	82	88	7	100	46	57
1529 Skodje	69	76	172	21	35	42	10	149	67	100
1531 Sula	196	192	368	61	92	105	-2	88	51	72
1532 Giske	141	171	316	47	68	80	21	124	45	70
1534 Haram	250	264	452	80	111	114	6	81	39	43
1535 Vestnes	159	198	366	85	118	125	25	130	39	47
1539 Rauma	276	277	443	83	112	115	0	61	35	39
1543 Nesset	99	111	179	42	54	55	12	81	29	31
1545 Midsund	48	47	70	18	23	25	-2	46	28	39
1546 Sandøy	56	49	83	12	18	17	-13	48	50	42
1547 Aukra	90	113	166	34	41	43	26	84	21	26
1548 Fræna	193	255	464	102	139	155	32	140	36	52
1551 Eide	89	103	185	29	43	45	16	108	48	55
1554 Averøy	153	203	380	66	93	98	33	148	41	48
1557 Gjemnes	82	86	168	25	37	30	5	105	48	20
1560 Tingvoll	97	127	180	41	48	48	31	86	17	17
1563 Sunndal	228	247	412	84	114	131	8	81	36	56
1566 Surnadal	176	240	373	80	97	108	36	112	21	35
1567 Rindal	70	71	93	33	38	44	1	33	15	33
1571 Halså	59	77	122	18	22	18	31	107	22	0
1573 Smøla	80	95	159	39	50	46	19	99	28	18
1576 Aure	115	133	206	53	68	71	16	79	28	34
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>8 502</b>	<b>9 528</b>	<b>15 062</b>	<b>4 442</b>	<b>5 352</b>	<b>5 720</b>	<b>12</b>	<b>77</b>	<b>20</b>	<b>29</b>
<b>Noreg</b>	<b>101 311</b>	<b>125 193</b>	<b>215 354</b>	<b>43 469</b>	<b>57 481</b>	<b>69 911</b>	<b>24</b>	<b>113</b>	<b>32</b>	<b>61</b>

Kjelde: SSB

Tabell 9 viser størst auke frå 2015 tom 2040 for aldersgruppa 67-79 år. Ein auke på 77 prosent for fylket. For landet samla er auken på heile 113 prosent. Det blir 20 prosent fleire 80 + i perioden 2015-2025. For 2015-2040 har vi ei auke på 29 prosent. For landet samla er tilsvarande tal 32 og 61 prosent i gruppa 80 +. Fleire eldre i åra framover vil krevje at kommunane fokuserer på tilrettelegging for kommunale tenester på ein anna måte enn i dag.

	Tabell 10			%-vis endring	%-vis endring
	2015	2025	2040	2015-2025	2015-2040
1502 Molde	807	957	1379	19	71
1504 Ålesund	1252	1473	2094	18	67
1505 Kristiansund	743	900	1279	21	72
1511 Vanylven	115	120	148	4	29
1514 Sande	140	142	183	1	31
1515 Herøy	245	280	381	14	56
1516 Ulstein	176	221	323	26	84
1517 Hareid	129	143	195	11	51
1519 Volda	313	357	473	14	51
1520 Ørsta	285	309	421	8	48
1523 Ørskog	83	97	141	17	70
1524 Norddal	78	78	102	0	31
1525 Stranda	163	172	211	6	29
1526 Stordal	46	49	58	7	26
1528 Sykkylven	176	193	288	10	64
1529 Skodje	112	136	223	21	99
1531 Sula	234	257	372	10	59
1532 Giske	199	244	372	23	87
1534 Haram	237	255	339	8	43
1535 Vestnes	410	477	655	16	60
1539 Rauma	290	301	385	4	33
1543 Nesset	141	156	206	11	46
1545 Midsund	81	86	108	6	33
1546 Sandøy	45	45	62	0	38
1547 Aukra	112	135	176	21	57
1548 Fræna	298	360	504	21	69
1551 Eide	91	102	138	12	52
1554 Averøy	142	175	253	23	78
1557 Gjemnes	89	94	133	6	49
1560 Tingvoll	80	90	104	13	30
1563 Sunndal	322	351	467	9	45
1566 Surnadal	289	354	472	22	63
1567 Rindal	98	102	123	4	26
1571 Halså	63	74	95	17	51
1573 Smøla	97	110	143	13	47
1576 Aure	132	145	181	10	37
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>10 328</b>	<b>11 565</b>	<b>15 227</b>	<b>12</b>	<b>47</b>
<b>Noreg</b>	<b>135 433</b>	<b>160 686</b>	<b>223 263</b>	<b>19</b>	<b>65</b>

Kjelde: SSB

Tabell 10 omhandlar behov for årsverk på institusjonar og heimetenesta. I 2015-2025 alternativet er det 8 kommunar som får ei auke på over 20 prosent, medan fleire ligg tett oppunder. Ser vi på 2015-2040 alternativet vil 18 kommunar få ein auke på over 50 %. Dette krev god planlegging frå kommunane. Tala er frå hovudalternativet til SSB.

Dette vil krevje ein større del tilsette innanfor omsorgssektoren enn tidlegare. Eit press på bemanning innanfor eldre og eldre pleietrengande. I tabell 9 såg vi relativt store endringar. Samla sett så teiknar det seg et bilete av at kommunane må gjere grep både på investeringssida og på tenestetida. Behov for fleire tilsette krev at fleire vel ei utdanning innanfor helse og omsorg.

Kommunane må førebu seg på at vi i Møre og Romsdal innan få år vil ha fleire eldre og færre arbeidsføre. Dei økonomiske konsekvensane vil vere merkbare. Det er viktig at kommunane tenker langsiktig og rustar seg for eldrebølga. Rullering av kommuneplanens samfunnsdel er såleis et godt verktøy.


## 6 - ROBEK

Før endringa av kommunelova i 2001 måtte alle kommunar og fylkeskommunar ha godkjenning av departementet/Fylkesmannen for å foreta gyldige vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar. Ved den nye kommunelova blei berre dei kommunane som ikkje hadde tilstrekkeleg styring og kontroll på økonomien underlagt kontroll frå staten av dei økonomiske disposisjonane.

Frå figur 20 ser vi at talet på kommunar registrert i ROBEK har vore nokolunde stabilt i perioden 2008 til 2016 på landsbasis, med ein variasjon mellom 42 og 51 registreringar.

Figur 20

### ROBEK-historikk



Det same har ikkje vore tilfellet når det gjeld kommunane i Møre og Romsdal. Fram til utmeldinga av ROBEK for seks kommunar


i 2017, var Møre og Romsdal det fylket i landet med flest registreringar i ROBEK. Talet på ROBEK-kommunar i fylket er no fem. Rett nok er det mange kommunar i fylket, berre Nordland har fleire, men Møre og Romsdal har vore kraftig overrepresentert med registreringar på ROBEK.

Mange kommunar i fylket har vore registrert i ROBEK fleire gongar, og eit par kommunar har vore innmeldt i ROBEK heilt sidan oppstarten med unntak av eitt par år. Både Hareid og Sykkylven som høyrer til sistnemnde kategori, har no blitt meldt ut av ROBEK.

Åtte kommunar i Møre og Romsdal har aldri vore registrert i ROBEK. Seks av desse er frå Nordmøre, medan Haram og Aukra, er høvesvis Sunnmøre og Romsdal sin representant.

**Figur 21**


**ROBEK-kommunar i Møre og Romsdal 2018**



Kommunar som framleis er registrert i ROBEK er markert med raudt. Kommunar som hadde eit underskot i rekneskapan i 2017 er markert med gult. I tillegg til Norddal og Eide fekk også Midsund kommune eit underskot i rekneskapan for 2017 (men er markert med raudt som ROBEK-kommune).

## APPENDIKS

Figuren viser netto lånegjeld per innbygger for kommunane i Møre og Romsdal ved utgangen av 2017. Gjennomsnittet for Møre og Romsdal er på 89 961 kroner, mot Noreg u/Oslo på 71 107 kroner. Innbyggerane i Møre og Romsdal har 18 854 kronar meir i gjeld en Noreg u/Oslo.



Kjelde: SSB



## KJELDER

---

Kommunal- og moderniseringsdepartementet:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-88-s-20172018/id2601105/>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunedata/tjenestebehov2/id2507961/>

Statistisk sentralbyrå:

[www.ssb.no/statistikkbanken/offentlig-sektor/kostra](http://www.ssb.no/statistikkbanken/offentlig-sektor/kostra)

[www.ssb.no/statistikkbanken/befolkning](http://www.ssb.no/statistikkbanken/befolkning)

Norges bank:

<https://www.norges-bank.no/Publisert/Publikasjoner/Pengepolitisk-rapport-med-vurdering-av-finansiell-stabilitet/2018/218/>

Rapporten er tilgjengelig på heimesida vår:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommuneøkonomi>